



Notat

Dato
LEIKANGER, 21.02.2019

Til: Fylkesutvalet, møte 6. mars

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling - handlingsprogram 2018-2019.

Oppfølging av handlingsprogrammet 2018

I juni 2018 blei Regional plan for klimaomstilling, med tilhøyrande handlingsprogram, vedtatt i fylkestinget. Gjeldande handlingsprogram har 37 tiltak, og gjeld ut 2019. Dei ansvarlege for å følgje opp er definert i handlingsprogrammet, m.a. fylkeskommunen, fylkesmannen og KS.

I januar 2019 er det rapportert på framdrifta, jf. handlingsprogrammet. Oversikta viser at dei fleste tiltaka er sett i gang og nokre er fullførte. Oversikta viser også at nokre er utsette, m.a. grunna prosessen med samanslåing av fylka. Dokumentet viser gjennomføring av tiltaket (vist i prosent fullført), tiltaksnummer, ansvarleg, initiativtakar, ein kort kommentar om aktiviteten, og ei ev. forklaring på kvifor tiltaket ikkje er sett i gang. Det står framleis att mykje arbeid, men oppfølging av handlingsprogrammet har komme godt i gang.

Sjå eige vedlegg med sjølve framdriftsrapport med detaljar.

Tiltak som kan løftast fram:

Tiltak 2: NORADAPT, norsk senter for berekraftig klimatilpassing blei opna 7. desember 2018 (100% gjennomført).

Tiltak 3: Nasjonal klimaomstillingskonferanse er under planlegging og vert arrangert i Sogndal 23.-25. april (50% gjennomført).

Tiltak 25: Firda vidaregåande skule gjennomførte konferanse om klimaomstilling 15. november 2018. Konferansen var ein suksess, hadde mange besökande og dyktige føredragshaldarar. Det deltok 377 personar på konferansen, derav 302 elevar frå 6 vidaregåande skular og to ungdomsskular (100% gjennomført).

Tiltak 26: Fylkeskommunen har inngått avtale med Energiportalen om tilgang til energirådgjeving til alle innbyggjarane for 2019. Alle har i dag tilgang, og det vil bli arrangert og promotert ekstra gjennom «grøne veker» våren 2019 (50% gjennomført).

Tiltak 33: Bygg og eigedomstenesta har innført kvalitetssystem for gjennomføring av anbods-konkuransar i KS-system for alle byggjeprosjekt (100% gjennomført).

Tilskotsordning for klima og miljøtiltak

I samband med vedtaket av ny klimaplan vart tilskotsordninga for klima- og miljøtiltak styrka med 2 millionar (*tiltak 15*). Dette medførte at fylkeskommunen kunne støtte fleire og større klima- og miljøprosjekt enn tidlegare. Etter dette vedtaket, og fram til årsskiftet, var det to søknadsfristar, og alle midlane blir brukte opp. Tilskotsmidlane vert delt ut til prosjekt og tiltak som bidreg til ei klimaomstilling i Sogn og Fjordane. I første runde kom det inn søknadar til om lag 1,3 mill. kr meir en rammene til tilskotsordninga. I 2019 gjenstår det 3 søknadsfristar, neste frist er 15. april.

Søkar	Prosjekt
Naturvernforbundet	Vassdragstreff Aurland
Sogndal folkehøgskule	Seminar om solenergi
Nordfjordrådet	Energinettverk Nordfjord
Firda VGS	Klimakonferansen - "Den Grøne Tråden"
SINTEF Energi	Grøn energi Stryn Sommarski
Gloppen kommune	El-sykkel i premie til europeisk mobilitetsveke i Gloppen
Jølster kommune	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kartlegging av vernskog i Jølster og utarbeiding av rutine for skjøtselplan ○ Profilering av interkommunal plan for klimaomstilling i Sunnfjord
Stadlandet skule	Miljøveke 2019
Årdal kommune	Rehabilitering av kunstgrasbana på Jotun Stadion – utan gummigranulat
NFF Sogn og Fjordane	Rister ved inngangsparti for oppsamling av gummigranulat – 3 pilotanlegg.
Flora kommune	Reparasjonsstativ og luftpumpe ved Klatreparken
Vestlandsforskning	Kartlegging av erfaringar frå regionalt plan- og klimatilpassingsarbeid i nye Vestland fylke – finansiert saman med Hordaland fylkeskommune

Ny rapport om konsekvensar av klimaendringar

FN sitt klimapanel publiserte i oktober 2018 ein rapport knytt til konsekvensane av å ikkje nå måla sett i Paris-avtalen https://report.ipcc.ch/sr15/pdf/sr15_spm_final.pdf. Rapporten skildra dei store forskjellane og konsekvensane dersom kun 2-gradersmålet, og ikkje 1,5-gradersmålet vert nådd. Rapporten poengterte at vi har dei 10-12 neste åra på å redusere klimagassutsleppa dersom vi skal nå 1,5-gradersmålet. Dette betyr at å styrke arbeidet med ei klimaomstilling hastar, og meir enn det vi var kjende med ved utabeiding av gjeldande regionale klimaplan. Eit auka ambisjons-nivå innan klimaomstilling vil difor vere nødvendig.

Dette til fylkesutvalet si orientering.